

SKULESTARTFEST I BIBLIOTEKET

skal gjere borna til ivrige
nynorsklesarar. **S. 4**

SJETTE KLASSE PÅ ILA SKOLE

helsar dagen velkomen på
fjorten ulike språk. **S. 6**

FEM TIPS til nynorsk-

undervisning i vidaregåande
opplæring. **S. 9**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 27 | HAUSTEN 2016 | EIT BLAD OM NYNORSK FRÅ BARNEHAGE TIL VIDAREGÅANDE SKULE



Kvifor må alle lærarar i Noreg kunne nynorsk?

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret

DET OPPLAGDE SVARET er todelt:

- 1) Elevane har rett på å få nynorsk-undervisning.
- 2) Offisiell norsk språkpolitikk er å halde oppe to formelt likestilte variantar av norsk.

Om lag 80 000 elevar har nynorsk opplæringsmål. Alle dei andre har nynorsk som sidemål frå og med åttande trinn. Læreplanen i norsk inneheld dessutan formuleringar om utprøving av begge målformene alt frå mellomtrinnet.

Lærarutdanningane har ansvaret for at kandidatane deira har naudsynt kompetanse i å undervise på nynorsk, om nynorsk og å gi opplæring i nynorsk til elevane sine. I den nyss vedtekne *Forskrift til rammeplan for grunnskolelærar-*

utdanningene blir det difor kravd at kandidaten «mestrer norsk muntlig og skriftlig, både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på ein kvalifisert måte i profesjonssammenheng».

Slik må sjølv sagt kravet vere til kandidatar som skal sertifiserast til lærarstillingar over heile landet. Problemet er berre at dette kravet til kompetanse i begge målformene ikkje blir tatt på alvor i mange av lærarutdanningane. Mange stadar manglar både opplæring og dokumentasjon av nynorsk-kompetansen til lærarkandidatane.

Dette er påvist både av følgjegruppa til lærarutdanningsreforma (2012), i den såkalla PROBA-rapporten (2014) og av Nynorsksenteret si eiga kartlegging (2016).

Her trengst det auka medvit om problemstillinga, og ein revisjon av undervisningstilbod og vurderingsordningar. Vi har difor etablert eit eige

nynorsknettverk med representantar frå dei fleste UH-institusjonane som tilbyr lærarutdanning. Så langt har vi hatt to samlingar og ikkje minst mykje fagleg diskusjon i samband med vårens høyringar om nye forskrifter og retningslinjer for lærarutdanningane. Mykje meir må til, men det er i alle fall ein start.

«Betre lærarar» er svaret statsråden, forskarane og organisasjonane gir når elevar, foreldre og mange andre klagar på kvaliteten i norsk skule. Dei siste åra har difor hundretals millionar blitt løyvde til etter- og vidareutdanning og til «satsingar» av alle slag.

Eller rettare: nesten alle slag. Auka nynorsk-kompetanse ser ikkje ut til å vere prioritert av KD eller dei fleste UH-institusjonane, sjølv om behovet her er openbert.

NYNORSKOPPLÆRING nr. 27, tiande årgangen

BLADSTYRAR: Heidi Fagna
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: Tinde design & trykk AS
FRAMSIDE: Marianne Moldskred
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

www.nynorsksenteret.no

To nye tilsette ved Nynorsksenteret skal arbeide med nynorskopplæringa i ungdomsskule, vidaregåande skule og lærarutdanninga.

Nye på Nynorsksenteret

FOTO: **Arild Torvund Olsen**

MARIT BREKKE har arbeidd som norsklektor ved tre ulike vidaregåande skular og på Høgskulen i Volda. På Nynorsksenteret arbeider ho med undervisningsopplegg til vidaregåande skule og ungdomsskulen.

REIDUN KYDLAND har hovudfag i nordisk litteratur, bakgrunn som lektor i vidaregåande skule, universitetslektor og rektor i barne- og ungdomsskule. På Nynorsksenteret arbeider ho mest med nynorsk som sidemål i ungdomsskule og vidaregåande og nynorsk i lærarutdanninga.

Innhold

Kvifor må alle lærarar i Noreg kunne nynorsk? av Torgeir Dimmen	S. 2
Skulestartfest i biblioteket av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 4
God morgon, sjette klasse! av Heidi Fagna	S. 6
Ny runde med leselystaksjon av Janne Karin Støylen	S. 8
5 tips til nynorskundervisning i vidaregåande opplæring av Marit Lovise Brekke	S. 9
Fleire kjelder gir meir kunnskap av Marit Wadsten	S. 10
På jakt etter den gode metoden av Hjalmar Eiksund	S. 12
Småsaker	S. 14
Gymnastikk for tunga av Olaf Husby og Stina Langlo Ørdal	S. 15



Barna i barnehagane i Skodje er ivrige lesarar og besøker biblioteket ofte. Om ikkje så lenge skal 5–6-åringane starte på skulen, så no er det klart for skulestartfest i biblioteket.

Skulestartfest i biblioteket!

TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** FOTO: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng**



Sofie (5 år) og mora Marianne Eide les ei av dei nynorske barnebøkene på skulestartfesten i biblioteket.

Når barnet får høyre teksten slik han står, får barnet møte skriftvarianten av ordet. Det gjer det lettare når barnet seinare skal skrive og lese nynorsk sjølv.

BIBLIOTEKAR KARI B. KVERNBERG i Skodje ønskjer at borna skal halde fram med å kome i biblioteket både på fritida i lag med foreldra sine og i lag med skulen. På denne festen markerer dei overgangen frå barnehage til skule, og barna får sitt eige lånekort slik at dei kan låne med bøker heim.

– Vi har lese mange bøker i barnehagen, og vi får låne bøkene med oss heim også, seier Sofie, som tydeleg set stor pris på å lese bøker.

Mor Marianne Eide fortel at det er veldig fint å få låne bøker med heim frå barnehagen, og at dei i tillegg har begynt å låne litt fleire bøker på biblioteket.

– På festen møter vi mange barn og foreldra deira, og det er stort oppmøte denne dagen. Å starte på skulen er ein milepåle! Vi ønskjer å legge til rette for gode overgangar som gjer at barna kan utvikle seg og bygge vidare på grunnlaget dei har fått i barnehagen, seier Kari B. Kvernberg.

Nynorske lesefrø

Alle barnehagane i Skodje kommune er med i prosjektet *Nynorske lesefrø*. Gjennom dette prosjektet har dei fått god kjennskap til dei nynorske barnebøkene og det nynorske språket. Når barna skal starte på skulen, er det viktig at dei får tilgang til bøker på den språkforma som dei skal lære på skulen. Barn lærer best det skriftspråket

dei ser og høyrer mest. Barn i område med nynorsk som hovudmål treng å møte det nynorske skriftspråket for å bli trygge nynorskbrukarar sjølve. For at dei skal verte flinke til å skrive og lese nynorsk, må dei ha tilgang til nynorske bøker både på skulen og heime.

Erfaringar frå prosjektet *Nynorske lesefrø* viser at foreldre gjerne kjem og spør etter nynorske bøker som dei kan lese i lag med barna, og som barna kan lese sjølve.

– Dei har fått auga opp for at barna treng å lese nynorske bøker når dei skal lese bøker sjølve, fortel bibliotekaren.

Ei ny verd opna seg!

Gjennom samarbeid med biblioteket og deltaking i prosjektet har dei tilsette fått ny kunnskap og styrkt medvit om kor viktig det er med lesing i barnehagen. I tillegg har dei fått auka medvit om kor viktig det er å lese nynorsk i ein kommune der borna skal ha nynorsk som opplæringsmål. Dei vaksne som har vore med i *Nynorske lesefrø*, fortel om positive erfaringar med dei nynorske barnebøkene, og at dei er overraska over kor mange gode nynorskbøker som finst.

– Det er som om ei ny verd med bøker har opna seg, uttrykker ein pedagog som har vore med på prosjektet. Dei tilsette har begynt å prate

om både innhaldet og språket i bøkene, og dei ser det som naturleg å lese nynorsk til barna som skal ha nynorsk som opplæringsmål på skulen. Dei tilsette les meir og brukar meir bøker, songar, rim og regler på nynorsk. Dei brukar bøkene i meir varierte samlingar og på ulike måtar. Bøkene har fått større betydning i arbeidet med språkstimulering i barnehagane.

Foreldra er også opptatt av å legge til rette for eit godt grunnlag for barna si læring, og Marianne fortel at ho gjerne les bøker på nynorsk og les teksten slik han står.

– Når eg les nynorske bøker, les eg teksten slik han står, for då får Sofie høyre nynorsken, seier Marianne. – Eg er litt rusten i nynorsken sjølv, så eg synest det er fint å få friska han opp før eg skal hjelpe jenta mi på skulen, seier ho.

Når vaksne les for barn, er det mange som omset teksten til dialekt. Men når barnet får høyre teksten slik han står, får barnet møte skriftvarianten av ordet. Det gjer det lettare når barnet seinare skal skrive og lese nynorsk sjølv. ■

– God morgon. Good morning. Guten Morgen. Bonjour. Buenos dias. Salam aleikum. Privjet. Tere. God morgon. Bourre beivvi. Goedemorgen. Asubuhi njema. Xin chào. Salam.

God morgon, sjette klasse!

TEKST: **Heidi Fagna** FOTO: **Åge Andre Breivik**



SKULEDAGEN STARTAR heilt som normalt for elevane på sjette trinn på Ila skole i Trondheim. På benkar og golv i eit lysegrått kjøkken i enden av klasserommet sit elevane og seier god morgon på 14 ulike språk. Dette er morsmåla til elevar som er eller har vore innoom trinnet, og læraren jobbar systematisk for at alle skal få ein god start på dagen og kjenne seg velkomne.

Denne skuledagen er forresten ikkje heilt som alle andre. I klasserommet står ein fotograf som skal gjere dei til føregangselevar. Alt dei gjer både denne og neste skuledag, skal filmast, slik at

lærarar over heile landet kan sjå korleis akkurat denne læraren og denne klassen jobbar med språk.

Ila skole er med i prosjektet Tidleg start med nynorsk som sidemål, i samarbeid med Nynorsk-senteret. Læreplanen er tydeleg på at barneskule-elevar skal lese nynorske bøker, og at dei frå mellomsteget skal eksperimentere med skriving på nynorsk. I praksis vert det ofte gjort lite og tilfeldig. Men på Ila skole ønskjer dei å gje elevane eit godt grunnlag for ungdomsskulen, både når det gjeld ferdigheiter i og haldningar til sidemålet nynorsk.

– Det er litt utfordrande å skrive nynorsk, men det er morosamt. Eg trur det er lettare for meg, for eg har ein svensk far, seier ti år gamle Sindre til fotografen.

Dermed seier han det også til alle lærarar i heile landet. Lesesenteret har fått pengar frå Kunnskapsdepartementet for å utvikle kurspakkar til satsinga Språkløyper, saman med Skrivesenteret og Nynorsk-senteret. Barnehagar og skular over heile landet kan ta i bruk dei nettbaserte kursa og på den måten auke kompetansen i kollegiet og til-eigne seg ny forskning om lesing, skriving og språk. Det er unikt med ei slik satsing på språk, heilt frå barnehage til 3. klasse i vidaregåande.

Forskninga til mellom andre Hilde Traavik og Benthe Kolberg Jansson viser tydeleg at elevar som lærer nynorsk på mellomsteget, gjer det betre i sidemålet seinare i skuleløpet. Det har også lærar Margaret Arntzen Leirvik ved Ila skole trua på.

– Sjølv har eg alltid vore glad i nynorsk, men eg veit at mange har eit negativt forhold til språket. Det er kanskje fordi dei vert møtte med krav om å gjere det riktig med ein gong. Eg håper å gi elevane eit godt forhold til nynorsk før alle fordommane vert vekte til live, seier Leirvik.

Difor melde ho seg og klassen på prosjektet Tidleg start. I løpet av sjette trinn har elevane høyr

Sjå korleis Ila-elevane og læraren har jobba, på sprakloyper.uis.no

mykje nynorsk, sunge songar med nynorske tekstar og skrive dikt, fagtekstar og forteljingar på nynorsk.

– Me har leika med språket, utan å terpe på rettskriving og grammatikk. Me har snakka om kjende ord i tekstane, og me har lese same tekst på bokmål og nynorsk og snakka om kor like og

ulike dei to skriftspråka er, seier Margaret Arntzen Leirvik.

Dei siste åra har Nynorsksenteret sett i gang Tidleg start-prosjekt mange stader i landet.

– Me har gjort oss nokre erfaringar om korleis ein kan drive nynorskopplæring på mellomsteget, for elevar med bokmål som hovudmål.

Nynorskopplæring på mellomsteget bør skje gjennom lesing av nynorsk barnelitteratur, gjennom positive aktivitetar og ei leikande tilnærming til skrivinga. Då står elevane godt rusta til krava som møter dei på ungdomsskulen, seier rådgjevar Anne Marta Vinsrygg Vadstein ved Nynorsksenteret. ■



Ti år gamle Sindre synest det er morosamt å skrive nynorsk.



Lærer Margaret Arntzen Leirvik ved Ila skole har trua på å byrje tidleg.

Nærare 15 000 sjuandeklassingar fekk våren 2016 delta i den aller første nasjonale, nynorske leselystaksjonen «Tid for ti». Kort sagt: Ein suksess! Dermed satsar Foreininga !les og Nynorsksenteret på nytt og gjer klar for ny aksjon for eit nytt årskull med sjuandeklassingar.

Ny runde med leselystaksjon

TEKST: **Janne Karin Støylen** FOTO: **Vibeke Røgler**

PROSJEKTLIAR OLE IVAR Burås Storø er så nøgd med den første runden med «Tid for ti» at han tidvis omdøyper seg til Ivar Buraasen. No er han klar for ein ny runde, rett nok med nokre justeringar.


– I den neste runden med «Tid for ti» skal vi samarbeide tettare med lokale bibliotek, slik at bøkene som er representerte i antologien, er å finne i biblioteket. Vi vil også legge opp til å formidle bøker på foreldremøte, seier Ole Ivar Burås Storø.

Nynorsksenteret har jobba saman med Foreininga !les om å velje ut dei ti tekstane, og fleire tilsette på Nynorsksenteret har lese inn tekstutdraga til nettsida tidforti.no. Andre tilleggssressursar til aksjonen er lærarrettleiing, oppgåver og konkurransar.

Kjernen i «Tid for ti» er ein antologi med ti utdrag frå nyare, nynorsk ungdomslitteratur som høver for sjuandeklassingar. Heile opplaget på 15 000 bøker gjekk ut, om lag likt fordelt mellom skular der elevane har nynorsk som side-mål og hovudmål.

Sentrumsskulane i Oslo var dei første til å melde seg på, og tilbakemeldingane er jamt over svært positive.

– Aller kjekkast har det vore å sjå den store responsen på ulike skrivetevlingar og andre kon-



kurransar. Hundrevis av elevtekstar er komne inn. Teikningar også. Vi vil vurdere om vi skal ha andre typar kåringar neste år, kanskje kunne ein tenkje seg ein premie der ein vinnarklasse fekk reise til Ivar Aasen-tunet? Eller ein konferanse for

lærarar med ytterlegare tips til lesing og skriving på nynorsk? Det er eit herleg potensial i denne aksjonen, og eg gler meg til å komme i gang med ei ny og revidert utgåve av aksjonen, avsluttar Ole Ivar Burås Storø, alias Ivar Buraasen. ■

Nynorskundervisninga i den vidaregåande skulen har ofte vore knytt til enkelte tema meir enn andre. Temaa har ofte vore grammatikkundervisning, dialektlære, språkhistorie og lyrikk. Det trengst difor ei fornying av nynorskundervisninga i vidaregåande opplæring. Ein kan formulere nokre av desse behova på følgjande måte:

5 tips til nynorskundervisning i vidaregåande opplæring

TEKST: **Marit Louise Brekke** FOTO: **Rib & Morits**

- 1 Gjennom ein skuledag les elevar langt fleire bokmålstekstar enn nynorsktekstar, både på nett og i læremidla. Nynorske tekstar må derfor brukast oftare i undervisninga, for å gje elevane språklege føredøme på nynorsk og gjere dei fortrulege med nynorsk som skriftspråk.
- 2 Ein må bruke fleire gode tekstar på nynorsk, ikkje berre skjønnlitterære tekstar, men også sakprosaetekstar. Tekstbasen som er utarbeidd ved Nynorsksenteret, kan til dømes brukast. Ein må utarbeide undervisningsopplegg med elevoppgåver som kan brukast i arbeid med tekstane.
- 3 Ein må hjelpe elevane til å skrive nynorsk også i mindre format. Ofte skriv elevane lengre tekstar, som analysar eller artiklar, men elevar synest ofte dette er vanskeleg, blant anna fordi dei er språkleg usikre. Derfor bør elevane skrive små tekstar på nynorsk med jamne mellomrom gjennom alle dei tre åra på vidaregåande. Dette vil fremje djupnelæring når det gjeld rettskriving, samtidig som elevane får prøve ut ulike sjangrar og får trening i kort svar.



- 4 Elevane bør jobbe med ulike former for skrivemetodikk, til dømes gode mønstertekstar. I arbeidet med nynorsk treng dei skriverammer særleg med tanke på sakprosa-sjangrane, men dei treng også å bruke nynorsk i den kreative skrivinga, og dei treng oppgåver som hjelper dei til å vere kreative.
- 5 Elevane må utvikle gode tilbakemeldingspraksisar på arbeid andre elevar gjer. Dei treng å verte merksame på at dei kan verte betre i nynorsk ved å hjelpe medelevane sine, til dømes gjennom å leggje vekt på rettskrivinga innanfor ei ordklasse i ein tilbakemeldingsperiode. Elevane må få opplæring i å drive vurdering for læring på tekstar av andre elevar, bruke samskrivingsverktøy o.l.

I skulehistoria har læreboka både vore den viktigaste kjelda til kunnskap og i stor grad definert kva som skulle lærast i skulen. I dag vert det lagt større vekt på verdien av å hente informasjon frå fleire kjelder og å vere kritisk til kjeldene.

Fleire kjelder gir meir kunnskap

TEKST: **Marit Wadsten** FOTO: **Rib & Morits**



NÅR TEKSTAR OM det same temaet er henta frå ulike kjelder og kjem med informasjon som kan vere motstridande, samanfallande eller unik, snakkar vi om multiple tekstar. I læreplanverket LK06 har lesing av multiple tekstar fått ein stor plass i omtalen av lesing som ei grunnleggande ferdigheit i ulike fag. Å kunne lese i naturfag omfattar til dømes at «[k]ravet til kritisk lesing og evne til å identifisere relevant informasjon og vurdere kilders troverdighet øker, fra å kunne bruke tilrettelagte kilder til å kunne innhente og sammenligne informasjon fra ulike kilder og vurdere relevansen.»

Dette blir også spegla i beskrivinga av grunnleggande ferdigheiter og kompetanssmål i ulike fag i Kunnskapsløftet. Som ei følgje av denne utviklinga må skulen passe på at elevane lærer seg å lese og vurdere eit stort mangfald av ulike typar tekstar, både på papir og skjerm, og lære dei å sjå desse i samanheng med anna fagstoff.

Kvifor skal elevane lese meir enn ein tekst om same tema?

Det er ei større utfordring å lese fleire tekstar der lesaren må samanstille informasjon frå ulike kjelder, t.d. frå artiklar, fagbøker og Internett, enn å hente all informasjon frå læreboka. Forsking på slike leseprosessar viser at mange elevar har vanskar med å skape samanheng og mening der informasjonen i dei ulike tekstane spriker. Når elevane skal gjengi det dei har lese, legg dei vekt på informasjon som overlappar i tekstane, og har ofte problem med å samanfatte og ta stilling til motstridande informasjon (Rogne og Strømsø, 2013). Dette kan kome av at elevar har lite trening i å arbeide med fleire tekstar samstundes, og at det har vore lagt lite vekt på å modellere lesestrategiar der elevane skal skape forståing ved hjelp av fleire informasjonskjelder.

Ein slik leseprosess er krevjande, men ved å arbeide grundig med fleire tekstar med ulike perspektiv i samanheng kan elevane tileigne seg ei djupare forståing av temaet. Forståinga er ikkje basert på innhaldet i berre ein einskild tekst og blir dermed meir fleksibel og lettare å hente fram att og ta i bruk i nye situasjonar. Ved å lese fleire tekstar om det same temaet, med motstridande informasjon, lærer elevane å integrere informasjon frå fleire kjelder, og ikkje minst lærer dei å vere merksame på og granske kjeldene kritisk. Å forstå at det ikkje treng vere truverdig, alt som står skrive i ein tilfeldig blogg ein finn på nettet, er særskilt viktig i eit moderne samfunn der ungdomane våre til dagleg møter ein enorm informasjonsflaum.

Modellering

Elevane arbeider sjeldan spontant med å integrere informasjon frå fleire tekstar. Skal dei greie dette, må læraren ta for seg tekstane i fellesskap og instruere og modellere korleis dei skal lese for å hente informasjon frå tekstane. Læraren må formulere klare lesebestillingar som hjelper elevane til å orientere seg i tekstane og leite etter ulike typar informasjon. I første omgang er det avgjerande at tekstutvalet ikkje er for stort, og at det er lett å sjå samanhengen mellom tekstane.

Prinsippa for vurdering for læring ligg til grunn for heile læringsprosessen. Difor er det viktig at læraren i starten av prosjektet får elevane til å forstå kva som er mål for prosjektet. Kva skal dei lære, og kva er forventninga av dei? Ein føresetnad for læring er at læraren undervegs gir elevane tilbakemeldingar som seier noko om kvaliteten på arbeidet deira. Responsen må også involvere elevane slik at dei kan lære å vurdere sitt eige arbeid og ta imot råd om korleis det kan forbetrast eller vidareutviklast. ■

UNDERVISNINGSFILM:
Skal vi ha ulv i Noreg?
I filmen *Å lese multiple tekstar* ser du korleis elevar på ungdomssteget drøftar ulvehald i Noreg med utgangspunkt i informasjon frå ulike digitale og papirbaserte kjelder.

nynorsksenteret.no/multiple

Mange elevar slit med å tileigne seg grunnleggjande skriveferdigheiter. Lærarar saknar på si side eit tolkingsfellesskap i vurderinga av elevtekstar. Det vil Normprosjektet gjere noko med, og resultata så langt er lovande.

På jakt etter den gode metoden

TEKST: **Hjalmar Siksund** FOTO: **Rib & Morits**

KVA FÅR EIN dersom ein samlar ei gruppe skriveforskarar, 3000 elevar frå 3.–7. trinn, 500 lærarar og rektorar ved til saman 24 grunnskular frå heile landet? I tillegg til kanskje det største skriveprosjektet i verda får ein ny kunnskap om korleis ein skal drive framtidsretta skriveundervisning.

Tradisjonelt sett har mykje av skriveopplæringa vore lagd til norskfaget. Mange norsk-lærarar har i tillegg konsentrert seg om skjønnlitterære sjangrar, noko som har gitt elevane lite erfaring med å skrive andre teksttypar.

I Normprosjektet har ein samarbeidd om å lage fleire og meir varierte oppgåver i alle fag. På denne måten får elevane opplæring i å skrive tekstar med vidare relevans for livet utanfor skulen.

Elevane i prosjektet har lært å tenke nøye over mottakaren og kva funksjon teksten skal ha, noko som har gjort dei flinkare til å velje skrivehandlingar som er betre tilpassa formålet.

Som ein reiskap til å fremje ei felles forståing for kva det inneber å skrive godt, har prosjektgruppa i samarbeid med lærarar over heile landet utvikla såkalla forventningsnormer for skrivinga på dei ulike årstrinna. Desse blir lagde til grunn både for skriveopplæring og vurdering og bidreg til at elevar og lærarar får eit felles språk om tekst og skriving.

Samanlikna med kontrollgruppa har elevane ei utvikling som på det meste tilsvarer inntil to års ekstra skulegang. Framgangen er størst blant dei yngste elevane.

Resultat

Normprosjektet er enno ikkje avslutta, men tendensen er klar.

Samanlikna med kontrollgruppa har elevane ei utvikling som på det meste tilsvarer inntil to års ekstra skulegang. Framgangen er størst blant dei yngste elevane. I tillegg er forskjellen mellom gutar og jenter ikkje så tydeleg som den ein vanlegvis finn i liknande studiar.


Framgangen var også omtrent den same om elevane skreiv nynorsk eller bokmål. Sjølv om elevar med nynorsk som hovudmål ser ut til å bruke noko meir tid på å tileigne seg rettskrivingsnorma, er snittvurderinga av elevane like god uavhengig av målform. ■

Meir om Normprosjektet

- **Normprosjektet**
norm.skrivesenteret.no
- **Forventingsnormer**
norm.skrivesenteret.no/forventningsnormene
- **Rapport nummer 2**
norm.skrivesenteret.no/wp-content/uploads/2015/08/Berge.og.Skar-2015-NORM-rapport2.pdf



Teikneserietips



Álvaro Nofuentes
På Grand Manila

Jippi forlag
2016

MED UTGANGSPUNKT i ein roman av Kjartan Fløgstad har den spanske teikneserieskaparen Álvaro Nofuentes laga teikneserien *På Grand Manila*. Boka kjem no ut på norsk, fint omsett frå spansk til nynorsk av Bente Teigen Gundersen.

I staden for å laga ein tradisjonell teikneserie-adapsjon av handlinga i boka til Fløgstad har Nofuentes laga det han kallar eit «grafisk essay». Her tek han utgangspunkt i nokre av temaa frå boka, til dømes det tosidige i at det internasjonale firmaet Union Carbide Corporation, med base i USA, både er ansvarlege for modernisering og sysselsetjing i Sauda og ein industrikatastrofe som førte til eit femsifra tal på dødsfall i India.

Visualiseringane av problemstillingane er fascinerande, med mange spanande grafiske løysingar. Eit godt døme er sida der Nofuentes tek føre seg overgangen frå det fattige landbruksområdet Sauda til det moderne samfunnet som voks fram med industrien: På fyrste biletet ser me ei teikning av eit bondesamfunn, på neste bilete heng den same teikninga av bondesamfunnet innramma som veggpynt i ei moderne stov. Måten Nofuentes byggjer vidare på motiva i gamle reklameplakatlar for Union Carbide Corporation, er òg særspanande.

Nytt nettverk for nynorsk


NYNORSK I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING er eit nettverk som vart oppretta våren 2016, og som er under utvikling. Nettverket skal vere eit forum for lærarar som underviser i nynorsk anten som hovudmål eller som sidemål, og det skal ha første møte på Gardermoen i september.

Bakgrunnen for at nettverket vart stifta, var behovet for å få ein møtestad for lærarar som jobbar i vidaregåande skule, og som kan tenkje seg å vere med på å utvikle nye ressursar for nynorskundervisninga i vidaregåande opplæring. På Nynorsksenteret har ein oppretta to nye stillingar som blant anna skal jobbe med nynorsk i vidaregåande opplæring, og det er viktig for Nynorsksenteret at ein har kontakt med lærarar som arbeider ute i skulen, og som kan fortelje om kva slags ressursar ein manglar og skulle ønske vart utvikla.

Nettverket har medlemmar frå fleire vidaregåande skular i ulike delar av landet. Det kjem til å verte utvida med nokre skular til, og samla sett ser ein føre seg eit nettverk med 20 skular frå ulike delar av landet.



Dikttips



Ruth Lillegraven
Eg er eg er eg er

Samlaget
2016

KJÆRLEIK, SAKN, UTFORDINGAR, meistring, sorg, glede, kvardag og ferie. I diktsamlinga *Eg er eg er eg er*, den fyrste diktboka hennar for born, skriv Ruth Lillegraven godt om store og viktige emne i livet til dei unge lesarane. Dikta er organiserte etter årstidene, og kvar bolk opnar med ein flott illustrasjon laga av Mari Kanstad Johnsen.

Hovudmålgruppa for dikta er born i alderen 9–12 år, men både forma og innhaldet i dikta er slik at dei kan fungera for andre aldrar òg.

Gymnastikk for tunga

Henta frå Ordleiksboka av Olaf Husby og Stina Langlo Ørdal

Prenta med løyve frå Skald forlag



Sju skjegl-
øygde sjeikar skifta
skip.

Knut knytte
ein knute, og då Knut
hadde knytt den knuten,
då var den knuten
knytt.

Tjuesju kjekke
sjømenn kjøpte tjuesju
skjønne kjolar.

Førtifire feite
finnar fann førtifem
feite froskar.

Du skal ikkje kalle
Kalle for Kalle sjølv om
mora til Kalle kallar Kalle
for Kalle, for Kalle heiter
eigentleg Karl.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda

AMIR SPILLER
PÅ TELEFONEN.



AMIR SPELER
PÅ TELEFONEN.



Telkna av Kristoffer S. Mathisen

Rotar elevane med verba? **Nynorsk på 1-2-3** er eit nynorskkurs i teikneserieform.
På www.nynorsksenteret.no/tilfang/ kan du tinga gratis klassesett.